



TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 13

Telefaks 53 43 70 11

UGGDAL, 11.02.10

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
09/569	1321/10	020	FSK/ORD/HEHA/åd	

TYSNES UNGDOMSRÅD - REFERAT FRÅ MØTE 31.01.10

Desse møtte: Hanne Hope, Veronika Hestad Kjøndal, Ingunn Martinsen, Andreas Langeland, Torstein Flakke og Jostein Gjerstad.

I Vibeke Stoltz sitt fråvær skriv Helge Hauge referatet. Varaordførar Magne Fauskanger deltok frå kl. 1730.

Hanne Hope leia møtet.

8. Godkjenning av saklista
Det var ikkje merknader til saklista
9. Godkjenning av dagsorden
Det var ikkje merknader til dagsorden.
10. Godkjenning av referat frå førre møtet.
Det var ikkje merknader til referatet frå førre møte.
11. Statusrapport økonomi.
I 2009 er det brukt 24 932,75. av ei løyving på kr. 30 000. Ikkje noko av summen for 2010 er brukt.
12. Ungdomsklubb i Våge

Til denne delen av møtet møtte Patrick Madsen og Erlend Tvedt frå Tysnes Ungdomslag.

- Matsalen som vert hovudrommet, skal vera klart til påske.
- I garderobe er det store fukt- og muggskadar Rommet vil ikkje vera klart før tidlegast i løpet av sommaren.
- Loftet kan vera eit alternativ til kinorom fram til skadar er utbetra.
- Ungdomsklubben kan truleg opnast til påske

Kommunen/Vibeke lagar eit forslag til leigeavtale som vert drøfta i ungdomsrådet før det går til Tysnes ungdomslag.

Andre forhold vedkomande ungdomsklubben

- Ungdomsklubb ein gong i månaden i bytjinga
- Kr. 500,- pr. kveld. I utgangspunktet ønskte ungdomslaget ei månadleg leige der ungdomsklubben kunne nytta huset i større grad. Ungdomslaget må ha beskjed i forkant dersom ungdomsklubben brukar huset utanom det faste oppsettet. Det kjem ein eventuelt tilbake til.
- Ungdomsklubben får alle inntekter frå kiosk etc.
- Ungdomsklubben syt sjølv for reinhald.
- Ungdomslaget kan lære opp til bruk av musikkanlegget
- Bruk av skåp, utstyr o.l. må ein koma attende til.

Ungdomsrådet drøfta også ein del praktiske sider.

- Korleis skal ein gjera det med kinoen fram til endelege lokale kan takast i bruk? Dette må ein koma attende til.
- Kan elevar i 10. klasse gjera dugnad mot ei godtgjersle?
Kan foreldre til elevar i 10. klasse vera vakter mot ei godtgjersle?
- Elevar i 10. klasse ryddar mot ei lita godtgjersle?

Ingunn og Andreas skal lufta dette med elevane i 10. klassen. Ungdomsrådet drøftar det vidare når det kjem tilbakemelding. Førebels har rådet ikkje forplikta seg til å gå inn på desse ordningane.

Orientering om saker i formannskapet v/Hanne.

Hanne trekte fram følgjande saker i si orientering

- Tysnes kommune skal verta Miljøfyrtårnkommune
- Ballbingen i Lunde. Søknad om midlar til oppmåling
- Beach-handball. Formannskapet var svært positiv
- Busskorrespondanse på Halhjem
- Business Region Bergen.

Veronika orienterte frå Ungdommens fylkesting

- Representantar frå heile fylket
- Drøfta saker som vedkjem ungdom
- Drøfta saker til nytt handlingsprogram
- Mykje debatt.
- Veronika hadde ordet fire gonger. Alle må fram på talarstolen når dei skal seia noko. Alt gjekk svært formelt føre seg.

Saker som vart mykje drøfta:

- Køyretimar. Skal desse vera fråværestimar eller ikkje? Vedtaket gjekk på at det skal vera som før. Fråvær ved køyretimar skal førast som fråvær
- Rådgevingstenesta
- Fritt skuleval

Mykje dei same problema som me har i Tysnes.): Kjempekjekt. Bør delta også neste år.

Me gratulerer Ida Marie med varaplassen til ungdommens fylkesutval.

Ymse

Pokerbord, playstation. Bør venta til lokala er klare.

Neste møte. Ikkje fastsett, men naturleg med nytt møte tre veker fram i tid.

Magne Fauskanger takka for at han fekk koma. Han ønskte referat frå møta.

Helge Hauge
referent